

Svar på grunngeve spørsmål frå Øyvind Bratshaug (FrP) om jodtablettar

Spørsmålet gjeld om Meland kommune har fulgt tilrådinga frå Statens Strålevern om å skaffe jodtablettar. Denne tilrådinga vart gitt i desember i fjor.

Bakgrunnen for saka er grunna stadig større trafikk med atomdrevne ubåtar langs norskekysten, er kommunane oppmoda om å skaffe seg jodtablettar for lokal lagring. Desse må bestillast frå sentrallager i Oslo.

NRK melde 10. april i år at berre 166 av landets 422 kommunar har fulgt oppfordringa til Statens Strålevern. Meland kommune er ein av dei 166 kommunane som har fulgt oppfordringa og bestilt tablettar.

Kommuneoverlegen har på vegne av Meland (og Radøy) kommune bestilt og fått ca. 2200 dosar jod i februar 2018. Dette skal dekkje dei gruppenesom det er tilrådd å ha beredskap for.

Tablettane blir no oppbevarte på Frekhaug legesenter og det blir diskutert om ein skal ha ei meir framskoten lagring.

Frekhaug, 2.5.2018
Øyvind H Oddekalv
ordførar